

ÅRSPLAN FOR JØSENFJORDEN BARNEHAGE

Barnehageåret 2025/2026



Innhald

1. Hjelmelandsbarnehagen.....	3
2. Om barnehagen	4
3. Barnehagen sitt formål og innhald.....	4
3.1. Omsorg	4
3.2. Leik	4
3.3. Danning	5
3.4. Læring.....	5
3.5. Vennskap og fellesskap	6
3.6. Kommunikasjon og språk	6
3.7. Progresjon	6
4. Medverknad	7
4.1. Barn si medverknad	7
4.2. Føresette si medverknad/ foreldresamarbeid	7
5. Planlegging, dokumentasjon og vurdering	8
6. Overgangar	9
6.1. Når barnet er ny i barnehagen	9
6.2. Overgangar i barnehagen	9
6.3. Overgangen mellom barnehage og skule/SFO	9

1. Hjelmelandsbarnehagen

Barnehagane i Hjelmeland kommune går under fellesnemninga «hjelmelandsbarnehagen».

Felles visjon og verdier

Hjelmelandsbarnehagen sin felles visjon er «**DET BESTE FOR BARNET**».

Me ønskjer å gje barna gode og trygge opplevingar, ut i frå deira egne føresetnadar og utvikling.

Hjelmelandsbarnehagen sine felles verdier er «**respekt, omsorg og tryggleik**».

Me vil gjere barna trygge på seg sjølv og i samspel med andre, og vere med å gje eit positivt grunnlag for danning og utvikling.

Vår visjon og våre verdier er barnehagane si rettesnor i det daglege arbeidet, både i forhold til det me seier, gjer og vektlegg i eit dagleg samspel med barna, føresette og medarbeidarar.

Årsplanen skal vise korleis barnehagen jobbar for å oppfylle krava i den nasjonale rammeplanen for barnehagen sitt innhald og oppgåver. Barnehagen sitt verdigrunnlag, som kjem fram i bhg.lov § 1 og i rammeplanen, skal verte formidla, praktisert og opplevd i alle delar av barnehagen sitt pedagogiske arbeid.

❖ Utviklingsarbeid i Hjelmelandsbarnehagen

Hjelmelandsbarnehagen er med i ordning for lokal kompetanseutvikling, saman med region Midt-Rogaland og i partnerskap med Universitetet i Stavanger (UiS).

Felles satsingsområde for barnehagane:

- Vaksenrolla og personalet si relasjon- og samspelskompetanse i møte med alle barn
- Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis
- Leiarutvikling (leiing av kollektive refleksjons- og læringsprosessar/ barnehagebasert kompetanseutvikling)

Hjelmelandsbarnehagen som miljøfyrtårn

Barna skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen, og barnehagen har ein viktig oppgåve i å fremme verdier, haldningar og praksis for meir berekraftige samfunn. (Rammeplanen, 2017)

Alle barnehagane er sertifisert som miljøfyrtårnbedrift. Dette inneber at dei har systematisk arbeid med miljøtiltak i arbeidskvardagen, og leverer årlege miljørapportar for si verksemd. Barnehagen skal og bidra til at barna forstår at handlingar i dag har konsekvensar for framtida.



2. Om barnehagen

Informasjon om barnehagen, samt praktisk informasjon, kan de finne på kommunen si heimeside.

<https://www.hjelmeland.kommune.no/tenester/barnehage-og-skule/barnehage/barnehagar/josenfjorden-barnehage/>

Vi som jobbar i barnehagen er:

- Svanhild Stangeland: Konstituert ped.leiar 100 %
- Hanne Gerd Skjølingstad: Assistent 100 %

Årets tema er:

T.O.G – Tryggleik, Opplevingar, Glede: me vil i år ha fokus på å gje barna tryggleik, opplevingar og glede. Dette gjer me med å ta dei med ut på turar og aktivitetar, der dei får oppleve samspel, engasjement, livsglede, meistring og anerkjenning, i lag med oss og i møte med andre. Me har også i år samarbeid med Stølane barnehage i Erfjord og besøker dei jamleg. Då køyrer me privatbilar og barna har då godkjente bilstolar og privatbilane er i forskriftsmessig stand.

3. Barnehagen sitt formål og innhald

3.1. Omsorg

Barnehagen skal ivareta barna sitt behov for omsorg, jf. rammeplanen (2017):

- Omsorg er ein føresetnad for barna si tryggleik og trivsel, og for utvikling av empati og nestekjærleik
- Barnehagen skal gje barna moglegheit til å utvikle tillit til seg sjølv og andre
- Alle barna skal oppleve å bli sett, forstått, respektert og få den hjelp og støtte dei har behov for
- Barnehagen skal aktivt legge til rette for omsorgsfulle relasjonar mellom barna og personalet og mellom barna, som grunnlag for trivsel, glede og meistring

Slik gjer vi det hjå oss:

I vår barnehage vert alle born sett og høyrte, vi må være lydhøyre, visa nærheit og ha evne og vilje til samspel. Vi må ha sjølvinnsett, sjølvironi og være audmjuke i relasjonar. For å fremje borns omsorg for kvarandre, vil vi støtte og gje dei ros for dei omsorgshandlingane vi ser dei gjer i kvardagen.

3.2. Leik

Barnehagen skal ivareta barna sitt behov for leik, jf. rammeplanen (2017):

- Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og leiken sin eigenverdi skal verte anerkjent
- Barnehagen skal ha eit fysisk miljø som støttar barna si utvikling og sosiale og språklege samhandling
- Barnehagen skal legge til rette for eit inkluderande miljø der alle barna kan oppleve glede og engasjement gjennom leik

Slik gjer vi det hjå oss:

For å sikre at leiken vert god og gjer den læringa vi ynskjer, vil vi planleggje dagane slik at det vert ein god balanse mellom frileik og styrte aktivitetar. Vi vaksne deltar i leiken på barnas premisser og er samtidig lydhøyre for at dei og treng tid til å leika utan vaksen støtte/aleine. Vi vil stimulera til leik gjennom idear og hjelp til å koma i gong med leik ut i frå borna sine interesser.

3.3. Danning

Barnehagen skal fremme danning, jf. rammeplanen (2017):

- Barnehagen skal støtte barna i å vere prøvande og nysgjerrig til omverda, og bidra til å leggje grunnlag for modig, sjølvstendig og ansvarleg deltaking i demokratiske fellesskap
- Barnehagen skal fremme samhald og solidaritet samstundes som individuelle uttrykk og handlingar skal verte verdsett og følgd opp
- Barnehagen skal bidra til at barna kan forstå felles verdiar og normer som er viktige for fellesskapet, og fremme barna si tilhøyrslø til samfunnet, natur og kultur
- Barna skal få delta i prosessar ved avgjersler og utvikling av felles innhald. Barna skal støttast i å uttrykke synspunkt og skape meining i den verda dei er ein del av

Slik gjer vi det hjå oss:

For å fremje danning skal personalet leggje til rette for meningsfulle opplevingar og støtte identitetsutviklinga og den positive sjølvforståinga til barna. Støtte barnas aktivitet, engasjement og deltaking i fellesskapet. Barna skal støttast i å uttrykkje synspunkt og skape meining i den verda dei er ein del av. Personalet skal og gje barna god sjølvfølelse, slik at dei gjennom den kan forstå både seg sjølv og andre

3.4. Læring

Barnehagen skal fremme læring, jf. rammeplanen (2017):

- Barna skal oppleve eit stimulerande og utforskande miljø som fremmer barn si nysgjerrigheit og lærelyst
- Barnehagen skal sørge for utvikling og progresjon innanfor alle fagområda i rammeplanen
- Barnehagen skal støtte og berika barna sine initiativ og gje dei utfordringar og tiltru til eigne evner

Slik gjer vi det hjå oss:

Barn lærar mykje gjennom leik, men vi vil også leggje til rette for læring gjennom meir styrte aktivitetar, som turar, samlingsstund, forming og andre aktivitetar i forhold til alder på barna. Barn treng nye utfordringar som dei meistrar og dei lærar på ulike måtar og i ulikt tempo. Difor må vi leggje til rette for varierte aktivitetar tilpassa alder, modningsnivå og interesser.

3.5. Vennskap og fellesskap

Barnehagen skal fremme vennskap og fellesskap, jf. rammeplanen (2017):

- I barnehagen skal alle barn få oppleve seg sjølve som verdifulle, få vener og bidra i eit sosialt fellesskap
- Barna skal verte støtta i å sette egne grenser, respektere andre sine grenser og finne løysingar i konfliktsituasjonar
- Barnehagen skal førebygge, stoppe og følgje opp diskriminering, utestenging, mobbing, krenkingar og uheldige samspelsmønstre

Trygt og godt barnehagemiljø i hjelmelandsbarnehagen

Det er eit mål at alle barn skal ha det trygt og godt i barnehagen, og vere ein del av eit inkluderande barnehagemiljø. Det viktigaste arbeidet med dette skjer i barnehagekvardagen i lag med barna. Det er utarbeida ein felles plan for korleis barnehagane skal jobbe for å fremme eit trygt og godt barnehagemiljø, førebygge mobbing og anna krenkande åtferd, samt korleis dei skal handtere dette (aktivitetsplikt):

[Barnehagemiljø og mobbing - Hjelmeland kommune](#)

Slik gjer vi det hjå oss:

Barn skal oppleve barnehagen vår som ein trygg plass. Kjenne alle dei vaksne og ha gode relasjonar med både vaksne og barn. Dei skal oppleve å bli sett og høyrte kvar dag, og me skal saman meistra utfordringar som me møter i kvardagen. Hjelpa kvarandre både vaksne/barn, barn/barn.

At barna opplever at ein tar dei på alvor, hjelpar dei og gjer dei ei forståing av at ulik oppførsel og kommunikasjon kan vere sårande og vond for andre.

Skapa gode relasjonar mellom barna og gje dei ein arena der dei kan få uttrykkje seg, både språkleg og gjennom lek.

Vi vaksne må vera der barna er, og observera og lytte til barnas kommunikasjon og handlingar. Ein må vera tydelege vaksne som går inn og gjer barna oppmerksame på om handlingar og kommunikasjon ikkje er grei, fortelja kvifor det ikkje er greitt og korleis ein kunne gjort annleis.

3.6. Kommunikasjon og språk

Barnehagen skal fremme kommunikasjon og språk, jf. rammeplanen (2017):

- Barnehagen skal støtte barna sin bruk av språk som reiskap for å tenkje og gje uttrykk for egne meiningar og kjensler
- Alle barn skal få god språkstimulering gjennom barnehagekvardagen
- Barnehagen skal fange opp og støtte barn som treng ekstra støtte i si språkutvikling

Slik gjer vi det hjå oss:

Gjennom samtalar og samspel skal barna støttast i å kommunisere, medverke, lytte og forstå at ord skaper meining. Vi lesar bøker for barna, vi syng og har ulike rim og regler. Bruker språket aktivt i kvardagen saman med barna.

3.7. Progresjon

Alle barna i barnehagen har rett til å oppleve progresjon i barnehagen sitt innhald, og få utvikle seg, lære og oppleve framgang. Me i personalet skal leggje til rette for at barna møter varierte leiker, aktivitetar og læringsmoglegheiter. Barna skal få utfordringar tilpassa erfaringar, interesser, kunnskap og ferdigheiter. Barna i barnehagen skal oppleve meistring, samstundes som dei møter utfordringar dei kan strekkje seg

etter. Dei skal få nye erfaringar og opplevingar i barnehagen. Me skal ha varierte leiker og material som sørger for at barna opplever progresjon.

4. Medverknad

4.1. Barn si medverknad

«Barnehagen skal ivareta barnas rett til medvirkning ved å legge til rette for og oppmuntre til at barna kan få gitt uttrykk for sitt syn på barnehagens daglige virksomhet, jf. barnehageloven § 1 og § 3, Grunnloven § 104 og FNs barnekonvensjon art. 12 nr. 1. (...) Barnehagen skal være bevisst på barnas ulike uttrykksformer og tilrettelegge for medvirkning på måter som er tilpasset barnas alder, erfaringer, individuelle forutsetninger og behov. (...) Barnas synspunkter skal tillegges vekt i samsvar med deres alder og modenhet.» (Rammeplanen, 2017)

Kvart enkelt barn skal oppleve å bli sett, høyrte og forstått av anerkjennande, tydelege og ansvarsfulle vaksne. Betydninga av dette kjem også fram når me snakkar om trygt og godt barnehagemiljø for alle barn i barnehagen.

Våre tiltak for å sikre barn si medverknad:

- Engasjerte tilsette som lyttar og viser interesse for barna sine uttrykk
- Gje barna tid og rom slik at dei kan kome med sine tankar og betraktningar, og skape felles undring i lag
- God dialog med dei føresette om kva barna er opptekne av
- Barnesamtalar

Vi har barnesamtalar med dei barna som skal starta på skulen kvar vår.

4.2. Føresette si medverknad/ samarbeid mellom heim og barnehage

«Barnehagen skal ivareta foreldrenes rett til medvirkning og arbeide i nært samarbeid og forståelse med foreldrene, jf. barnehageloven § 1 og § 4. Samarbeidet mellom hjemmet og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål. Foreldrene og barnehagens personale har et felles ansvar for barnets trivsel og utvikling.» (Rammeplanen, 2017)

- Barnehagen legg til rette for foreldresamarbeid og god dialog med føresette. Dette skjer både på individnivå og gruppenivå. På individnivå m.a. gjennom foreldresamtalar, dialog i dei daglege bringe- og hentesituasjonane og dialog omkring individuell tilrettelegging for enkeltbarn. På gruppenivå gjennom m.a. foreldremøte, foreldrerråd og Samarbeidsutval (SU). På foreldremøte har me årleg oppe tema Trafikk.

5. Planlegging, dokumentasjon og vurdering

Barnehagen skal planlegge, dokumentere og vurdere det pedagogiske arbeidet. Barn og føresette har rett til medverknad i desse prosessane.

Planlegging

«Planlegging gir personalet grunnlag for å tenke og handle langsiktig og systematisk i det pedagogiske arbeidet. Planlegginga skal bidra til kontinuitet og progresjon for enkeltbarn og barnegruppa. Planleggingen synliggjør hvordan barnehagen fortolker og realiserer rammeplanen og skal være utgangspunkt for refleksjon og utvikling av virksomheten.» (Rammeplanen, 2017)

- Personalet planlegg det pedagogiske arbeidet gjennom periodeplanar (vekeplan, månadsplan) og årsplan. Periodeplanar vert delt med dei føresette via barnehagen sin kommunikasjonskanal. Nokre periodeplanar vert og hengt opp i barnehagen. Årsplanen vert gjort tilgjengeleg for føresette og andre interesserte på heimesida til kommunen.

Dokumentasjon

«Dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet kan gi foreldre, lokalmiljøet og kommunen som barnehagemyndighet informasjon om hva barn opplever, lærer og gjør i barnehagen, og om hvordan barnehagen oppfyller kravene i barnehageloven og rammeplanen.» (Rammeplanen, 2017)

- Det pedagogiske arbeidet vert m.a. dokumentert gjennom vår kommunikasjonskanal, gjennom månedsplan/månadsplakatar/dagsrapport på tavla i gangen, ulike oppslag og barna sine kreative uttrykk hengt opp i barnehagen.

Vurdering

«Hovedformålet med vurderingsarbeidet er å sikre at alle barn får et tilbud i tråd med barnehageloven og rammeplanen. (...) Felles refleksjoner over det pedagogiske arbeidet kan gi personalet et utgangspunkt for videre planlegging og gjennomføring, (...) og bidra til å utvikle barnehagen som pedagogisk virksomhet.» (Rammeplanen, 2017)

- Me vurderer og reflekterer over det pedagogiske arbeidet i ulike møter og utviklingstid gjennom året, og evaluerer årsplanen. Me tek med oss synspunkt frå føresette gjennom SU, foreldreundersøkinga og foreldresamtalar.

6. Overgangar

6.1. Når barnet er ny i barnehagen

Barnehagen skal i samarbeid med foreldrene legge til rette for at barnet kan få en trygg og god start i barnehagen. Barnehagen skal tilpasse rutiner og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjoner og knytte seg til personalet og til andre barn. (Rammeplanen, 2017)

Når vi får eit nytt barn i barnehagen, sender vi ut eit Velkomstbrev med praktisk informasjon om kva tid det kan koma og kor lenge barnet kan være i barnehagen, dei fyrste dagane av tilvenninga. Mor eller far får tilbod om å vara med barnet i tilvenninga så lenge det ynskjer. I løpet av dei fyrste dagane vil kontaktpersonen til barnet ha ein oppstartsamtale med mor eller far, der den kan få ein del relevante opplysningar om barnet.

Vi er opptatt av at barnet skal få ha ein roleg og trygg oppstart i barnehagen.

6.2. Overgangar i barnehagen

Overganger skjer også innad i barnehagen. Personalet skal sørge for at barn og foreldre får tid og rom til å bli kjent med barna og personalet når de bytter barnegruppe. (Rammeplanen, 2017)

Dette er ikkje aktuelt i vår barnehage, da vi er ein, ein avdelingsbarnehage.

6.3. Overgangen mellom barnehage og skule/SFO

«Barnehagen skal i samarbeid med foreldre og skolen legge til rette for at barna kan få en trygg og god overgang fra barnehage til skole og eventuelt skolefritidsordning.» (Rammeplanen, 2017)

Hjelmeland kommune har utarbeida ein felles plan for overgang mellom barnehage og skule/SFO. Denne finn de på heimesida til kommunen: [Overgang barnehage - skule - Hjelmeland kommune](#)



Plan_for_samarbeid
_og_samhandling_i_

Jøsenfjorden barnehage nyttar denne: [Plan_for_samarbeid_og_samhandling_i_](#) som er utvikla av Suldal Kommune. V har tett samarbeid med Stølane barnehage, som vil gjera at borna vert betre kjende med kvarandre før dei byrjar på skulen. På nyåret kjem vi til å besøkje Erfjord skule med jamne mellomrom, fram til sumaren.